



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Statlege forventningar
til kommunane

2024



Innhald

Forord	4
1 Utfordringar i Vestfold og Telemark.....	5
1.1 Samfunnstryggleik og beredskap	5
1.1.1 Styring og kriseleiing	5
1.1.2 Trygge og robuste lokalsamfunn.....	5
1.2 Demografi	6
1.2.1 Kommuneøkonomi.....	7
1.2.2 Kapasitet og kompetanse	7
1.3 Ungt utanforskap.....	8
1.4 Klimaomstilling.....	8
1.4.1 Bruk og vern av areal	9
1.5 Oslofjorden	9
2 Statlege forventningar til kommunane	10
2.1 FNs berekraftsmål	11
2.2 Rettstryggleik og god forvaltning.....	11
2.2.1 Spesielle forventningar på utvalde område.....	11
2.3 HMS og inkluderande arbeidsliv	13
2.3.1 Arbeidslivskriminalitet	13
2.3.2 Tilrettelegging og implementering av systematisk HMS-arbeid.....	13
2.3.3 Bruk av bedriftshelsetenesta	13
2.3.4 HMS-opplæring for leiarar	14
2.3.5 Psykososiale problemstillingar, vald og trugslar.....	14
2.3.6 Opplæring og øving i førebygging og handtering vald og tusler	14
2.4 Samfunnstryggleik og beredskap	15
2.4.1 Krisekommunikasjon	15
2.4.2 Risiko- og sårbarheitsanalyser i arealplanlegginga	15
2.4.3 Beredskap mot akutt forureining.....	15
2.5 Kommuneøkonomi	16
2.5.1 Langsiktig planlegging.....	16
2.5.2 Bruk av styringsdata.....	16
2.6 Oppvekst	16
2.6.1 Skole	17
2.6.2 Barnehage	18
2.6.3 Barnevern	18

2.7	Helse- og omsorgstenester og sosiale tenester.....	19
2.7.1	Helse- og omsorgstenester og folkehelse.....	19
2.7.2	Sosiale tenester i NAV.....	22
2.7.3	Bustadsosialt arbeid.....	23
2.7.4	Husbanken.....	23
2.8	Integrering.....	24
2.9	Utsette barn og familiar.....	24
2.10	Miljø.....	25
2.10.1	Natur.....	25
2.10.2	Forureining.....	25
2.10.3	Vassforvaltning.....	27
2.11	Landbruk.....	27
2.11.1	Berekraftig eigedomsforvaltning.....	27
2.11.2	Tilskotsforvaltning og kontroll.....	27
2.11.3	Næringsutvikling.....	27
2.11.4	Skogskadar.....	28
2.11.5	Skogkultur.....	28
2.12	Arealdisponering.....	29
2.12.1	Jordvern i arealplanlegginga.....	29
2.12.2	Strandsone i arealplanlegginga.....	30
2.12.3	Klima i arealplanlegginga.....	30
2.12.4	Naturmangfald i arealplanlegginga.....	31
2.12.5	Villrein i arealplanlegging.....	31
2.12.6	Forureining i areal-planlegging.....	32
2.12.7	Kunnskapsgrunnlag i arealplanlegging.....	32
2.13	Samferdsel.....	33
2.14	Gravplass.....	33
3	Dialog og samarbeid.....	35

Forord

Stat og kommunar er tett integrerte. Kommunane gjer ein formidabel jobb både på vegne av egne innbyggjarar og på vegne av staten.

Utgangspunktet for dette dokumentet, òg kalla «forventningsbrevet», er nettopp den tette koplinga mellom staten og kommunane. Føremålet er å legge til rette for effektiv styringskommunikasjon, mellom anna ved å klargjere ansvaret til kommunane og det lokale handlingsrommet.

I brevet formidlar vi styringssignal gitt gjennom m.a. lovar, forskrifter, stortingsmeldinger og deira handsaming, rikspolitiske retningslinjer, rundskriv, statsbudsjett, dei tilhøyrande tildelingsbrev til statsetatane og kommuneproposisjonen.

Forventningane er utforma enten som krav/pålegg (må/skal) eller prioriteringssignal. Dette skiljet er sentralt, for å gjere tydeleg det kommunale handlingsrommet. Krav/pålegg er derfor merka særskilt.

Forventningsbrevet erstattar ikkje den løpande kommunikasjonen mellom staten og kommunane, men er eit årleg forsøk på å gi betre oversikt, heilskap og samanheng på strategisk nivå. Ved eventuelle vesentlege endringar gjennom året vil kommunane bli særskild informerte.

Brevet er heller ikkje ei fullstendig oppgåveliste. Det sentrale er nye eller justerte krav til kommunane og høgt prioriterte oppgåver, statlege satsingar, jf. mellom anna konsultasjonsordninga, og dessutan område der det er ynskjeleg at resultat til kommunane blir betre.

Nytt i årets dokument er at vi har knytt berekraftsmål til dei ulike delkapitla i kapittel 2.

Vi oppmodar som alltid kommunane om å gi oss tilbakemeldingar om korleis vi kan gjere forventningsbrevet til eit enda betre hjelpedokument.

1. september 2023

Fred-Ivar Syrstad

fung. statsforvaltar i Vestfold og Telemark

1 Utfordringar i Vestfold og Telemark

Dei siste åra har forvaltinga, framfor alt kommunane, synt ei framifrå evne til omstilling, innsats og til å finne løysingar. Denne evna er det trong for òg i meir normale tider, for utfordringane står i kø. Det blir ikkje minst krevjande for mange kommunar å sørge for at ressursane til tenesteproduksjon i åra som kjem blir tilpassa endringane i innbyggjarane sine behov, når delen eldre aukar. I dette kapittelet omtalar vi nokre utfordringar kommunane særskilt bør vere merksame på framover.

1.1 Samfunnstryggleik og beredskap

Etter to år med pandemihandtering vart det tryggingpolitisk bilete i Europa og verda endra med invasjonen i Ukraina 24. februar 2022.

I tida etter invasjonen er det innført omfattande sanksjonar frå vestleg side. Det har mellom anna vore sterk merksemd på forsyningstryggleiken i Europa på energisida, der Noreg spelar ein særskilt sentral rolle. Vi har òg opplevd store svingingar på den europeiske straummarknaden, mellom anna forårsaka av høge gassprisar. Eit mogleg framtidig kraftunderskot er òg ein del av utfordringsbilete.

To viktige dokument å sette seg inn i frå 2023 er rapportane til Forsvarskommissjonen og Totalberedskapskommissjonen.

I tillegg til dei tryggingpolitisk motiverte handlingane som kan ramme dei kritiske samfunnsfunksjonane, så vert den naturbaserte risikoen framleis forsterka gjennom klimaendringar. Slik naturbasert risiko må det takast endå meir omsyn til i den kommunale samfunnsplanlegginga, ikkje minst på arealplansida.

1.1.1 Styring og kriseleiing

Innanfor ei ny tryggingpolitisk ramme der vi alle må vere budde på hybrid krigføring og

målsettingar om å ramme kritiske samfunnsfunksjonar som styring, ekom og kraftforsyning, blir det viktig at kommunane verdivurderar og sikrar informasjon eller tilgang som kan nyttast for slike formål. Dette er det viktig å ta omsyn til ved revisjon og utarbeiding av nye risiko- og sårbarheitsanalyser og beredskapsplanar, der heile eller delar av desse kan måtte unntakas offentlegheita eller graderast etter tryggingsslova.

Kommunane har ei stor og viktig utfordring med å kunne nå fram til alle som oppheld seg i kommunen med hurtig og korrekt informasjon, både som motvekt til desinformasjon og ved svikt i eller reduksjon av tilgangen på ekomtenester og kraftforsyning.

1.1.2 Trygge og robuste lokalsamfunn

Gjennom gode kunnskapsgrunnlag er det viktig å sikre at ny risiko ikkje vert skapt gjennom planlegging og utbygging, og at gode løysingar som sikrar mot eller reduserer konsekvensane av både naturfare og menneskeskapt fare vert valde. Befolkninga må ha god eigenberedskap. og kommunane har ei stor utfordring i å sikre slik beredskap i eigen verksemd og med fokus på sårbare grupper.


1.2 Demografi

I Vestfold og Telemark hadde bykommunane og tettstadene størst absolutt befolkningsvekst i 2022. Innvandring medverka til at óg fleire distriktskommunar hadde positiv folketalsutvikling i fjor. Samla hadde fylket eit monaleg fødselsunderskot. Det er difor netto tilflytting som syter for veksten i folketalet.

Innvandring har vore særleg viktig i enkelte distriktskommunar over fleire år, som elles ville hatt endå sterkare nedgang i folketalet. I 2022 kom det om lag 5 000 innvandrarak, monaleg meir enn ára før. Det har samanheng med folk på flukt frå krigen i Ukraina.

Trenden er at busettinga blir sentralisert. Samstundes aukar delen eldre, særleg i dei grisgrendte områda. Slik har det vore ei stund og slik vil utviklinga halde fram, etter SSB sine framskrivingar av folketalet.

Det er jamt over unge i fruktbar alder som flyttar til bynære strok, mens dei eldre er meir bufaste og blir igjen i distriktskommunane. Samla sett tyder dette at fleire kommunar bør planlegge for å møte ein nedgang i folketalet. Mindre fødselskull vil til dømes påverke dimensjonering av barnehage- og skoletilbodet, mens auken i eldredelen vil krevje styrka innsats og omstilling til meir aldersvenlege lokalsamfunn. I om lag halvparten av kommunane i fylket vil minst 30 % av innbyggjarane vere 67 år eller eldre innan 2050, etter SSB sine prognosar. Med ei slik utvikling veks omsorgsbøra monaleg, dvs. at færre yrkesaktive må syte for ein auka del pensjonistar.



Figur: Del 67 år eller eldre i 2050. Hovudalternativet i SSB sine framskrivingar av folketalet. Kjelde: SSB.

1.2.1 Kommuneøkonomi

Rekneskapsresultata for kommunane i fylket var hovudsakeleg gode i 2022, men noko lågare enn i 2021. Ni kommunar fekk likevel betre resultat enn i 2021, dette gjeld i hovudsak kraftkommunar og kommunar som har eigardel i kraftselskap. Dei gode rekneskapsresultata har altså mellom anna samanheng med høgare skatteinntekter enn forventa og høge kraftprisar.

Fem kommunar hadde negative driftsresultat i 2022.

Balanserekneskapane viser at 17 av 23 kommunar hadde høgare disposisjonsfond ved utgangen av året enn ved starten. Meir pengar på bok er viktig når utgiftsauken som følge av den demografiske utviklinga kjem nærare i tid.

Ingen kommunar har meirforbruk som må dekkast inn i 2023.

I kommuneproposisjonen for 2024 skriv Kommunal- og distriktsdepartementet at «Framover vil kommunene oppleve økt kostnadsvekst som følge av at andelen eldre i befolkningen øker. Behovene innenfor helse- og omsorgstjenesten vil øke markant, samtidig som andelen innbyggere i yrkesaktiv alder går ned.» Relativt færre i yrkesaktiv alder vil òg kunne bety lågare vekst i skatteinntekter per innbyggjar.

Samstundes viser økonomiplanane for perioden 2023-2026 at fleire kommunar planlegg med svakare netto driftsresultat framover. Det gjer at fleire kommunar i fylket, hovudsakleg fleire av dei små og mellomstore med relativt låge utgiftskorrigerede frie inntekter, kan få betydelege utfordringar med å finansiere og oppretthalde tenesteproduksjonen på same nivå og med same utforming som i dag i åra som kjem.

Det er avgjerande at desse kommunane tilpassar omfang og kvalitet på tenestene til behovet innanfor dei ulike sektorane, og driftsinntektene. I tråd med demografiutviklinga vil det i praksis, for mange kommunar, bety at det blir nødvendig å fordele om ressursar frå andre tenester til helse- og omsorgstenester.

1.2.2 Kapasitet og kompetanse

Utfordringar knytt til rekruttering og kompetansebehov innanfor helse og omsorg varierer mellom kommunane, og er størst i kommunar med låge innbyggjartal og mindre sentral plassering. Enkelte distriktskommunar har store vanskar med å rekruttere sjukepleiarar, noko som blir særst utfordrande for drift av sjukeheimar og heimesjukepleia. Mangelen på vernepleiarar gjer seg òg gjeldande i mange kommunar.

Rekrutteringsproblema i kommunane gjer det vanskeleg å styrke helsefagleg kompetanse generelt. Mange kommunar har òg langvarige og aukande rekrutteringsvanskar for fastlegar. Dette er særleg uttalt i dei små kommunane i Telemark, men vanskan aukar òg i bykommunar. Vanskane knytt til fastlegeordninga gjer det krevjande å sikre dei kommunale legevaktene med god nok kompetanse.


Det er kapasitetsutfordringar i nokre kommunar på område som landbruk, byggesak og arealplan. Til dømes spenner ressurstilgangen på landbrukskontora frå ein eller to tilsette, til større fagmiljø. Nokre kommunar samarbeider om eit felles landbrukskontor. Dei klarer på dette viset å få til eit kontor med fleire medarbeidarar og dermed eit sterkare fagmiljø. Men i små kommunar endar ein ofte opp med eit lite landbrukskontor med avgrensa ressursar og dermed eit lite fagmiljø.

1.3 Ungt utanforskap

Vestfold og Telemark er det fylket som har den høgaste delen unge mellom 15-29 år ståande utanfor arbeid, utdanning eller arbeidsmarknadstiltak. Slik har det vore over litt tid.

Å stå utanfor samfunnet er først og fremst ein belastning for den einskilde. Men utanforskap kan óg vere ein fare for demokratiet og medverke til lågare tillit til

beslutningstakarar. Mange av dei styrande dokumenta som nå vert vedteke handlar om samarbeid på systemnivå, inkluderande praksis og førebyggjande tiltak for sikre at flest mogleg unge står innanfor det ordinære fellesskapet. For å lukkast vil samarbeid utover sektorgrenser vere avgjerande.



Figur: Del innbyggjarar mellom 15-29 år utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak i 2021. Kjelde: SSB.

1.4 Klimaomstilling

Klimaet vårt er allereie endra. Også her i regionen vår opplever vi mellom anna auka temperaturar og ein auke i kraftig nedbør. Konsekvensane er merkbare og utfordrande for fleire næringar, óg skogbruk og landbruk. 2022 var nok eit varmt år med lite nedbør, særleg i sommarmånadene. Det førte mellom anna til at bøndene i Vestfold og Telemark opplevde avlingssvikt, og veksten og kvaliteten på granskogen vart ytterlegare svekt. Vintrane er prega av store, våte snøfall på kort tid som fører til store brekkskadar på skogen. Klimaendringane truar også sårbare artar og økosystem.

Klimaendringane vil forsterkast framover. Dette blir ofte omtalt som «klimakrisa». Samtidig opplever vi det som blir omtalt som «naturkrise»; eit eskalerande tap i artsmangfaldet. Artane er nødvendige for å halde oppe økosystema. Økosystema er naturområde som bidreg til lagring av karbon.

Desse to krisene må løysast samtidig. Det krev klimaomstilling. I Vestfold og Telemark må vi bidra til å nå nasjonale mål om kutt i klimagassutslepp og bevaring av natur for å sikre både naturmangfald og karbonlagringa.

FNs berekraftsmål peikar på dei miljømessige måla som sjølv grunnlaget og premissen for resten av berekraftsarbeidet.

1.4.1 Bruk og vern av areal

I følgje FNs klimapanel er bevaring og restaurering av naturlege karbonlager blant dei beste måtane å motverke dei ekstreme klimaendringane på. Arealendringar og utbygging er den største trusselen mot naturmangfaldet og mot økosystema som handterer klimaendringane og karbonlagringa. Noreg har forplikta seg til auka vern av natur gjennom FNs naturavtale som vart signert i Montreal 19.12.22.

1.5 Oslofjorden

Tilstanden i Oslofjorden er framleis svært alvorleg. Torskebestanden er på eit historisk lågt nivå, og tareskogen er i tilbakegang. Miljøgifter og marin forsøpling har negative konsekvensar for dyreliv og naturopplevingar, og allmennheita sin tilgang til strandsona er sterkt avgrensa. Fleire tiltak frå Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden er allereie igangsett, men gjennomføringa må forsterkast framover. Det er ingen teikn til vesentleg forbetring av tilstanden til no.

2 Statlege forventningar til kommunane

Statsforvaltaren er representanten til Kongen og regjeringa i fylket, og skal arbeide for at Stortinget og regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer kan bli følgt opp.

Statsforvaltaren skal bidra til å samordne, forenkle og effektivisere den statlege verksemda i fylket. Vi skal samstundes halde regjeringa og sentraladministrasjonen orientert om viktige spørsmål i fylket, ta initiativ som trengs og fremme forslag til løysingar.

Statsforvaltaren er sektormynde med forvaltingsoppgåver for ei rekke fagdepartement og direktorat. Vi er klagemynde og tilsynsmynde, og skal sikre rettstryggleik for innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar.

Kommunen verkar i spenningsfeltet mellom ønsket til lokalsamfunnet for å styre eiga utvikling og behovet til staten for å setje i verk nasjonal politikk på lokalt nivå. Kommunen skal både ivareta ein sjølvstyrefunksjon og ein forvaltingsfunksjon.

Denne hausten er det lokalval og dei nye kommunestyra skal utarbeide ein ny planstrategi for kommunen. Planstrategien *bør* omfatte ei drøfting av det strategiske valet til kommunen knytt til samfunnsutvikling, under dette langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorverksemda og ei vurdering av planbehovet til kommunen i valperioden. Signala og føringane i dette kapitlet *bør* takast med i arbeidet med ny planstrategi.



2.1 FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål er den felles arbeidsplanen i verda for å utrydde fattigdom, nedkjempa forskjellar og stoppa klimaendringane innan 2030.

Sjølv om mange av dei 17 måla allereie er oppfylte i Noreg, står det att mykje arbeid også her heime. Mellom anna viser Stortingsmeldinga "Mål med meining— Noregs handlingsplan for å nå berekraftsmåla innan 2030" (Meld. St. 40 (2020–2021)) at vi har store utfordringar med å oppnå måla for berekraftsmål 2 «Utrydde svolt», 12 «Ansvarleg forbruk og produksjon», 13 «Stoppa klimaendringane» og 15 «Livet på land».

Forventningane staten har til arbeidet i kommunane med berekraftsmåla er ikkje endra sidan i fjor, men for kvart år som går bør kommunane komme stadig lenger i å

implementere berekraftsmåla i eiga verksemd og styre utviklinga i ei retning som styrkjer alle dei tre dimensjonane – miljø, økonomi og sosiale tilhøve.

KS, fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har sett i gang eit prosjekt i 2023 som skal bidra til at kommunane kjem vidare med å implementere berekraftsmåla i eige arbeid. Det blir lagt vekt på å finne gode verktøy for å måle innsatsen gjennom eit indikatorsett – såkalla Key Performance Indicators – og kunne styre utviklinga i rett retning. Alle kommunar er inviterte inn og blir oppmoda til å delta i prosjektet.

Signaldokument: Mål med mening: Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030 (Meld.St.40)

2.2 Rettstryggleik og god forvaltning

Å sørge for tilgang til rettsvern for alle, og bygge velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå bidreg til å styrke berekraftsmål nr. 16.

For kommunar er det spesielt viktig å skilje mellom utøving av offentlig myndighet og politikk. Det blir mellom anna fatta avgjerder som kan gripe langt inn i livet til den enkelte borgaren. Legalitetsprinsippet tyder at jo større inngrep dei ulike avgjerdene inneber, jo klarare skal heimelsgrunnlaget vere. Det gjeld dessutan fleire forvaltingsrettslege prinsipp for sakshandsaminga, irekna krav til at saker skal greiast ut, at dei blir handsama likt og forsvarleg, at alle er gitt høve til å uttale seg, at man må halde seg til saka og rettsreglane m.m. Det er t.d. ikkje mogeleg å vektlegge politiske omsyn når det blir gitt dispensasjon frå bestemming i eller gitt i medhald av plan- og bygningslova.

2.2.1 Spesielle forventningar på utvalde område

Plan- og bygningslova

Vi *forventar* at kommunane følger Statsforvaltaren sin sjekkliste når det blir sendt over klagesaker.

Krav/pålegg: Det er eit krav i forvaltingslova at vedtak blir grunngitt konkret. Dette gjeld spesielt for dispensasjon og der kommunen avslår på grunn av skjønn, t.d. estetikk.

Krav/pålegg: Vedtak i politiske utval, som avvik frå innstillinga frå administrasjonen, må bli grunngitt konkret. Viss det blir vanskeleg å laga ei grunngjeving i møtet, kan saka t.d. utsetjast.

Krav/pålegg: Det er eit krav i plan- og bygningslova § 21-7 at byggesaker blir behandla innan 12 veker.

Offentleglova

Krav/pålegg: Det er eit krav i offentleglova § 29 første avsnitt om at innsynskrav skal behandlast "utan ugrunna opphald". Dette er gjerne same dag eller innan 1-3 arbeidsdagar. Dersom innsendar ikkje mottek svar innan 5 arbeidsdagar, er dette å rekne som eit avslag som kan klagast vidare til Statsforvaltaren.

Internkontroll etter kommunelova

Kommunelova § 25-1 inneheld ei bestemming om internkontroll. Bestemminga gjeld i hovudsak for alle sektorar i kommunen, og skal utgjere ein ny heilskapleg regulering av internkontrollkrav med kommuneplikter. Kommunedirektøren er ansvarleg for at kommunen har ein internkontroll, og at denne skal gjelde administrasjonen si samla verksemd for å sikre at lover og forskrifter blir følgt.

Kommunelova § 25-1 erstattar tidlegare bestemmingar om internkontroll i sosialtenestelova, barnevernlova, krisesenterlova, folkehelse-lova, introduksjonslova, og opplæringslova, jf. Prop. 81 L (2019-2020).

Kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet

Ny lov om ansvaret til kommunane på det bustadsosiale feltet, som tredde i kraft 1. juli 2023, er både ei presisering og ei skjerping av plikta kommunen har til å ta bustadsosiale omsyn i plan. Vi *forventar* at kommunane tek omsyn til dei nye krava i planarbeidet sitt.

Krav/pålegg: Kommunane skal, etter lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet § 5 andre ledd, ha ei oversikt over behovet for ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Oversikta skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategien til

kommunen og fastsetje overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet.

Helse, omsorg og sosial

Vi *forventar* at kommunane sørger for tilstrekkeleg opplæring av sine tilsette i sakshandsaming og tilhøyrande lovverk innanfor helse-, omsorg - og sosialområdet.

Krav/pålegg: Det er eit krav i helse- og omsorgstenestelova § 3-1 tredje ledd at kommunen har ei generell plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda slik at tenestens omfang og innhald er i samsvar med lov og forskrift. Innhaldet i denne plikta er nærare regulert i forskrift om leiging og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesten, kor det mellom anna kjem fram at kommunen må ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring, samt sørge for at medarbeidarane i verksemda har nødvendig kunnskap om og kompetanse i det aktuelle fagfeltet, relevant regelverk, retningslinjer, rettleiarar og styringssystemet, jf. §§ 6f og 7b.

Krav/pålegg: Kommunen har etter sosialtenestelova § 6 ansvar for å gi nødvendig opplæring til alle tilsette ved NAV-kontoret som yter tenester og utfører oppgåver etter lova. Dette kan vera både kommunalt og statleg personell.

«Best for barnet»-vurderingar

Krav/pålegg: I saker som vedkjem barn må kommunane, i si sakshandsaming, kartlegge, vurdere og vektlegge alle tilhøve som sikrar at barnet sitt beste blir oppfylt, jf. Barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1. Ved barnet sitt beste-vurderingane skal det takast utgangspunkt i behova og føresetnadene til det enkelte barn.

2.3 HMS og inkluderande arbeidsliv

Å fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle bidreg til å styrke berekraftsmål nr. 8.

På HMS-området gjeld forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid i verksemdar. Heimelsgrunnlaget i høvesvis arbeidsmiljø-, forureinings- og produktkontrolllova er særleg relevant.

2.3.1 Arbeidslivskriminalitet

Det offentlege er ein stor aktør med eit stort samfunnsansvar og som kan påverke andre aktørar i arbeidslivet. For å motverke arbeidslivskriminalitet tilrår vi at kommunane vedtar sine eigne seriositetsbestemmingar til bruk i bygge- og anleggskontraktar og ei ordning for praktisk oppfølging og kontroll undervegs i kontraktsperioden. Innføring og oppfølging av seriositetsbestemmingar, utvikling av betre kontrollsystem og meir aktiv innsats i leverandørutvikling vil vere viktige tiltak i kommunane.

Å delta i forum eller i nettverk med andre oppdragsgivarar er nyttig for å dele erfaringar og kunnskap. «Medbyggerne» tilbyr arenaer for kunnskapsdeling og eigen applikasjon som hjelpeverktøy for oppfølging og krav til dokumentasjon. Applikasjonen er utvikla av partnarane i samarbeidet og blir tilbode alle Medbyggerkommunar i Vestfold og Telemark.

2.3.2 Tilrettelegging og implementering av systematisk HMS-arbeid

Krav/pålegg: Kommunen som arbeidsgjevar har krav om tilrettelegging og implementering av eit systematisk HMS-arbeid.

Hensikta med systemet er å sikre at problem blir oppdaga og tatt hand om i tide. Den som leier verksemda, har plikt til å sørge for at

krava som regelverket stiller til HMS, blir følgde systematisk opp. Oppfølginga skal gjerast i samarbeid med arbeidstakarane og representantane deira.

2.3.3 Bruk av bedriftshelsetenesta

Krav/pålegg: Bedriftshelsetenesta (BHT) skal bistå i det førebyggjande arbeidsmiljøarbeidet, og bidra til verksemdas arbeid med å forebygge arbeidsrelaterte helseplager, sjukdom og skade. Dette inneber å kartlegge arbeidsmiljøet, foreslå og gjennomføre førebyggjande tiltak. Bistanden skal være utløyst av risikotilhøve i arbeidsmiljøet som kan ha betydning for arbeidstakaranes helse. Arbeidet skal være målretta, risiko- og kunnskapsbasert, og rettes mot reelle behov på den enkelte arbeidsplass.

Arbeidsgivar skal i samarbeid med BHT utarbeide dokumentasjon som skal inngå i verksemdas systematiske helse-, miljø og tryggingarbeid:

- Plan for BHT si bistand i verksemda. Planen må utformast slik at den konkretiserer kva BHT skal bistå med i de ulike einingane av kommunen. Dei konkrete risikoforholda i einingane er førande for kva tiltak som skal gjennomførast.
- Årsrapport med oversikt over bedriftshelsetenesta sin bistand i verksemda. Årsrapporten må utarbeidast på en slik måte at arbeidsgivar får kjennskap til kva som er gjort for å forebygge arbeidsrelaterte helseplager, sjukdom og skade, kva for tiltak BHT meiner må eller bør iverksette, og korleis disse kan gjennomførast.

2.3.4 HMS-opplæring for leiarar

Opplæring for leiarar er grunnleggande for å kunne lykkast i HMS-arbeid.

Krav/pålegg: Arbeidstilsynet stiller krav om at arbeidsgivar skriftleg skal kunne dokumentere ei eller anna form for kvalifisert opplæring. Les på Arbeidstilsynets nettsider om kva HMS-opplæringa skal innehalde.

2.3.5 Psykososiale problemstillingar, vald og trugslar

Krav/pålegg: Arbeidstilsynet stiller krav om at arbeidsgivar skriftleg skal kunne dokumentere kartlegging og risikovurdering av risiko for muskel- og skjelettplager, psykiske plagar og risiko for vald og trugslar. Arbeidsgivar må utarbeide og dokumentere handlingsplan med tiltak. Med omsyn til vald og trugslar er det spesielle krav til kva som skal kartleggjast jf. Forskrift om utførelse av arbeid § 23 A-1.

Psykososiale problemstillingar som konflikhtar, trakassering og mobbing er risikofaktorar i arbeidslivet, som kan gi alvorlege konsekvensar for helsa til arbeidstakarane. Vald og truslar synest òg å vere ei aukande problemstilling i kommunale einingar, spesielt i helse og sosial og i skulen. Studiar viser at ein rekke faktorar i arbeidsmiljøet har betydning for muskel-skjelettplager og psykiske plager. Basera på forskinga til Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) og internasjonal forskning, vet vi at mekanisk eksponering og organisatoriske- og psykososiale arbeidsmiljøfaktorar kan ha betydning for utvikling og forverring av muskel/skjelett og psykiske plager.

2.3.6 Opplæring og øving i førebygging og handtering vald og tusler

Krav/pålegg: Arbeidstilsynet stiller krav om at arbeidsgivar sikrar og dokumenterer at tilsette i utsette bransjar får opplæring og øving i førebygging og handtering av vald og trugslar. Arbeidsgivar må sikre at tilsette får informasjon om risiko for vald og trugslar og gjera rutinar kjend for dei tilsette.

Kva som blir sett på som «nødvendig» opplæring må vere i tråd med kva som blir vurdert som tilstrekkeleg for å ivareta arbeidstakarvern og eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i den enkelte verksemda. Det er arbeidstakar som kan bli utsett for vald og trussel om vald i arbeidet som blir omfatta av kravet til opplæring og øving. Yrkesgrupper innan helse- og sosial tenester, undervisning, barnehagar og barnevern er definert som særleg utsette. Kva arbeidstakarar dette gjeld må vere basert på kartlegginga og risikovurderinga som er gjort etter § 23A-1.

Opplæringa skal sikre at arbeidstakar i utsette stillingar får kjennskap til risikoen for vald og truslar om vald, korleis risikoen blir førebygd, og slik at arbeidstakar blir sett i stand til å forstå korleis vedkommande skal handtere vald og trussel om vald når det faktisk skjer.

Opplæringa må omfatte øvingar for å kunne handtere valds- og trusselsituasjonar, må tilpassast den enkelte verksemda og den aktiviteten som blir utført, inkludert endringar i arbeidet, og må gjentakast regelmessig. Les meir om krav og rettleiing på Arbeidstilsynet sine nettsider, og i Arbeidstilsynet sine kommentarar til regelverket.

2.4 Samfunnstryggleik og beredskap

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap bidreg til å styrke fleire av FN sine berekraftsmål. Særleg relevant er mål nr. 9 som handlar om å bygge ein solid infrastruktur, mål nr. 11 om å bygge trygge og robuste lokalsamfunn og nr. 13 som peiker på viktigheita av nedkjempe konsekvensane av klimaendringane.

Kommunane er berebjelken i den nasjonale beredskapen. Dei har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ivareta tryggleiken til eigne innbyggjarar og andre som oppheld seg i eller kjem til kommunen.

2.4.1 Krisekommunikasjon

I eit høgteknologisk samfunn er vi særst avhengige av ekomtenester og kraftforsyning for å halde samfunnsmaskineriet i gang. Det er viktig å ha gode planar for å motverke eller redusere konsekvensane av heilt eller delvis bortfall av desse. Dette kan mellom anna omfatte bruk av alternative kommunikasjonsløyser og planar for oppmøtestader for befolkninga ved ekomutfall.

Krav/pålegg: Kommunane skal ha beredskapsplanverk for krisekommunikasjon med befolkninga. Det skal dekkje situasjonar der kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur er ramma.

Signaldokument: [Forskrift om kommunal beredskapsplikt](#), §§ 2 d og 4 e.

2.4.2 Risiko- og sårbarheitsanalyser i arealplanlegginga

Med eit klima i endring og eit stadig meir teknologibasert, komplekst og sårbart samfunn, blir det stadig viktigare med ei heilskapleg og kunnskapsbasert samfunnsplanlegging. I tillegg til å utarbeide ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse etter sivilbeskyttelsesloven § 2 er det krav

om risiko- og sårbarheitsanalyser etter plan- og bygningsloven § 4-3. Kravet til ROS-analysar etter § 4-3 gjeld alle planar for framtidig utbygging i kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og reguleringsplanar.

«I kommuneplanens arealdel kan ROS-analysane også brukast for å vurdere om aktuelle område er eigna, om lokaliseringa av utbyggingsføremålet i planområdet er føremålstenleg, eller om ein må vurdere andre område. Dersom det blir lagt fram fleire område for utbygging, kan ROS-analysane bidra til å prioritere mellom ulike planområde og eventuelle utbyggingsføremål», står det i DSBs rettleiar om [Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging](#).

Krav/pålegg: Kommunane må sikre at arealplanarbeidet på alle nivå byggjer på og i naudsynt grad tek omsyn til innhenta kunnskap om risiko og sårbarheit.

Signaldokument: Plan- og bygningsloven § 4-3, jf § 3-1 fyrste ledd bokstav h.

2.4.3 Beredskap mot akutt forureining

Kommunane sin beredskap mot mindre tilfelle av akutt forureining er ein del av kommunane sin totale beredskapsplikt, og skal samordnast med kommunane sine øvrige beredskapsforpliktingar i medhald av [sivilbeskyttelsesloven](#) og [forskrift om kommunal beredskapsplikt](#).

Krav/pålegg: Kommunane må på grunnlag av kunnskap innhenta gjennom miljørisikoanalyse og beredskapsanalyse utarbeide lokal beredskapsplan og etablere ein avgrensa lokal beredskap for å handtere mindre tilfelle av akutt forureining. Den lokale planen og beredskapen skal samordnast med interkommunal beredskapsplan og beredskap gjennom IUA.

Signaldokument: [Forskrift om kommunal beredskap mot akutt forureining](#)

2.5 Kommuneøkonomi

Ein forsvarleg kommuneøkonomi bidreg til å bygge eit samfunn med velfungerande og ansvarlege institusjonar, i tråd med FNs berekraftsmål nr. 16.

2.5.1 Langsiktig planlegging

Kommunane sitt ansvar for ei langsiktig økonomiforvaltning er understreka i kommunelova. I St.prp. 46L (2017-2018) legg Kommunal- og distriktsdepartementet til grunn at «reglene om økonomiforvaltningen (...) må ha som formål å trygge det finansielle grunnlaget for kommunenes produksjon av velferdstjenester».

Krav/pålegg: Kommunane skal, jf. kommunelova § 14-1, «forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid».

Etter §14-2 og §14-3 skal kommunestyret vedta ein økonomiplan for dei neste fire åra. Kravet i §14-1 inneber likevel at kommunen må planlegge økonomien for ein lengre periode enn fire år.

Dette er openbart viktig ved avgjerder om store investeringar, men óg for å planlegge og tilpasse drifta til dei behova man kan rekne med at innbyggjarane vil ha utover

økonomiplanperioden. Det vil til dømes vere ueheldig å planlegge for eit tenestenivå innan ein sektor på kort sikt, som kommunen korkje rimeleg kan anta å ha inntekter til, eller innbyggjarane behov for, på lengre sikt.

Kommunane sin økonomiske planlegging bør derfor strekke seg betydeleg lenger enn dei fire åra økonomiplanen gjelder.

Signaldokument: Kommunelova kapittel 14, Prop. 46L (2018-2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner, kapittel 20

2.5.2 Bruk av styringsdata

God økonomisk planlegging føreset gode analysar, både på kort og lengre sikt. Bruk av styringsdata som KOSTRA, og tilgjengelege framskrivingar av til dømes demografi og folketal, vil gi eit godt grunnlag for analysane.

For å gi eit så godt avgjerdsgrunnlag for dei folkevalde som mogleg, bør analyser og styringsdata også brukast i styringsdokument som budsjett- og økonomiplanar. God bruk av styringsdata i styrings- og avgjerdsdokument blir anteken å bidra til god økonomistyring i kommunane.

2.6 Oppvekst

Arbeidet i kommunane med barns oppvekst og utdanning rører ved fleire av FNs berekraftsmål. Særleg relevant er mål nr. 4 som skal sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og framme moglegheiter for livslang læring for alle. I tillegg kjem mål nr. 5 som fremjar likestilling og nr. 10 som hindrar forskjellar.

Stortinget vedtok i juni 2023 ny opplæringslov. Lova vil gjelde frå 1. august 2024. Mange av reglane i dagens opplæringslov blir vidareførte i den nye lova. Det blir foreslått lovendingar som skal bidra til å klargjere kva for rettar og plikter som

gjeld, og lovendingar som skal gjere regelverket betre tilpassa dagens samfunn.

Kommunane må framleis følge opp arbeidet med barnevernsreforma. Førebygging og tidleg innsats er sentralt i reforma, og det forventast at dei ulike sektorane evner å samarbeide og samordne seg i laget rundt barna. Ein plan for førebygging av omsorgssvikt skal jobbast fram som eit planmessig verktøy for å nå måla om førebygging og tidleg innsats.

Det er forventa at kommunane er førebudde på å ta imot fleire barn og unge som

flyktingar frå Ukraina. Dei barn og unge som allereie har komme til Noreg *bør* følgjast opp ved å bli tilbode gode tenester i skolar og barnehagar.

Sjå «[Nytt til barnehage- og skolestart](#)» (Utdanningsdirektoratet).

2.6.1 Skole

Krav/pålegg: Skoleeigar skal tilby alle barn på 1. og 2. trinn gratis SFO i 12 timar kvar veke frå skoleåret 2022-2021. Auka kvalitet skal sikrast med den nasjonale rammeplanen for SFO som blei innført frå hausten 2021 og det er forventa at tilsette i SFO deltar på kompetanseutviklingstiltak.

Krav/pålegg: Kommunane som skuleeigar og skolane må nytte skoleåret 23/24 til å bygge kompetanse på det oppdaterte lovverket fram mot ikrafttredinga av den nye opplæringslova.

Kommunane må førebu seg på endringar i dagens regelverk for spesialundervisning. "Individuelt tilrettelagt opplæring" blir eit nytt omgrep for den delen av dagens spesialundervisning som handlar om opplæring. Personleg assistanse og fysisk tilrettelegging, som no kan inngå i spesialundervisning, blir skilde ut som egne rettar.

Kommunane *bør* nytte kompetanseordninga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis» for å bygge kompetanse blant leiarar og tilsette i barnehagar, skolar og PP-tenesta.

Krav/pålegg: Kommunane må førebu seg på fleire endringar fram mot at den nye opplæringslova trer i kraft frå skulestart i 2024:

- Krav om betre overgangar frå ungdomsskolen til vidaregåande opplæring
- Krav om oppfølging av fråvær
- Tydeleggjering av PPT si rolle
- Styrking av elevperspektivet:
- Elevane sin rett til medverknad
- Rett til eit skuledemokrati
- Styrka rettar til opplæring i språk

- Nye reglar om fjernundervisning
- Utviding av krav til politiattest

Krav/pålegg: Frå 1. august 2024 skal kommunen, innan 3 månader etter at opplæringa har starta, føre tilsyn med barn som får heimeundervisning. Det blir innført eit krav om at kommunen skal vedta forskrift om reglar for permisjon frå grunnskoleopplæringa. Det blir også innført eit krav om at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane har tilgang på vikarar ved vanleg og forventa fråvær.

Nye forskrifter til opplæringslova blir sendt på høyring hausten 2023. Desse nye forskriftene vil også tre i kraft frå 1. august 2024. Vi oppfordrar kommunane til å delta i høyringa.

Regjeringa tar sikte på å legge fram ei stortingsmelding om ungdomstid og 5.-10. trinn i 2023-2024. Regjeringa vil at ungdomsskolen skal bli meir praktisk og variert. Regjeringa vil ta både elevar og lærarar med i arbeidet, og kunnskapsministeren har i samband med detta opprette eit nasjonalt elevpanel med elevar frå 5.-10. trinn som ho skal ha faste møte med.

I våren 2023 vart alle eksamenar gjennomført etter nye læreplanar. Dette gjaldt både grunnskulen og vidaregåande skule. Kommunane *bør* bruke erfaringane frå gjennomføringa til å sikre ein trygg gjennomføring av våreksamenen i 2024. Kommunane *bør* starte tidleg med arbeidet med å rekruttere sensorar til lokalt gitt eksamen.

Signaldokument:

- Prop. 57 L (2022–2023) – Ny opplæringslov (vedtatt i Stortinget 05.06.2023)
- Meld. St. 6 (2019–2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO

2.6.2 Barnehage

Krav/pålegg: Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne.

Krav/pålegg: Kommunen skal sjå til at barnehageeigar følger opp endringar i barnehagelova når det gjeld nytt kapittel VIII om psykososialt barnehagemiljø.

Krav/pålegg: Regjeringa har vedteke *ny § 4 Krav til styrer* i forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar. Den regulerer når det kan gjerast unntak frå kravet om at kvar barnehage skal ha ein styrar.

Endringane tredde i kraft 01.08.2023.

Kunnskapsdepartementet har fastsett ei mellombels forskrift som opnar for etablering av mellombelse barnehagar og mellombels utviding av allereie godkjende barnehagar som følgje av innkomst av fordrevne frå Ukraina. Med dei nye reglane kan kommunane innvilga søknader om mellombels godkjenning av nye ordinære barnehagar og utviding av godkjende ordinære barnehagar, og gi mellombels tilskot. Mellombels godkjenning og tilskot kan givast for inntil 3 år.

Signaldokument:

- Barnehagelova
 - Kapittel VI Personalet
 - Kapittel VII Spesialpedagogisk hjelp, tegnspråkopplæring m.m.
- Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø
- Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar
- [Midlertidig forskrift om midlertidig godkjenning av ordinære barnehager og midlertidig tilskudd for enklere bosetting av fordrevne fra Ukraina og flyktninger - Lovdata](#)

2.6.3 Barnevern

Krav/pålegg:

- Kommunane skal samordne og samarbeide for å gi forsvarleg tenestetilbod til barn og familiar

- Kommunestyret skal vedta ein plan for kommunens førebyggjande arbeid

- Barneverntenestene skal levere ein tilstandsrapport til kommunens administrative og politiske leiding kvart år

- Barneverntenesta skal rekruttere fosterheim i slekt og nettverk

- Barneverntenesta skal jobbe aktiv for å følge opp barn og foreldre etter plassering i fosterheim eller på institusjon. Kommunane skal sørge for at det gjennomførast tverrfagleg helsekartlegging av barn som vurderast å bli flytte ut av heimen.

- Kommunane må legge til rette for at tilsette i barneverntenesta oppfyller kompetansekravet som trer i kraft 1. januar 2031

- Nasjonalt forløp for barnevern – kartlegging og utredning av psykisk, somatisk og seksuell helse, tannhelse og rus handlar om samarbeid mellom barneverntenesta og helsetenesta for å sikre eit godt og heilskapleg tenestetilbod. Forløpet skal implementerast i barneverntenesta og helsetenesta i alle kommunar.

For meir informasjon om forløpet:

<https://www.bufdir.no/fagstotte/barnevern-oppvekst/forlop-barnevern/>

<https://www.helsedirektoratet.no/nasjonale-forlop/barnevern>

Signaldokument:

- NOU 2020:14 «Ny barnelov — Til barnets beste»
- Prop. 133L (2020-2021)
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-133-l-20202021/id2842271/>

- Prop. 222L (2020-2021)
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-222-l-20202021/id2862099/>

- Nasjonal veileder: [Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier](#)

2.7 Helse- og omsorgstenester og sosiale tenester

Lokale helse- og omsorgstenester og sosiale tenester bidreg til å styrke ei rekke av FNs berekraftsmål. Det primære er mål nr. 3 som skal sikre god helse og framme livskvalitet for alle, uansett alder. God helse er ein grunnleggjande føresetnad for menneskes høve til å nå det fulle potensialet sitt og for å bidra til utvikling i samfunnet. Andre relevante berekraftsmål er nemnde spesifikt under kvart deltema nedanfor.

2.7.1 Helse- og omsorgstenester og folkehelse

Regjeringa sine tre hovudprioriteringar framover er fastlegeordninga, psykisk helse og rus og ein trygg, aktiv alderdom. Vi *forventar* at også kommunane gjer desse områda ein særskild prioritet, og held fram med det gode arbeidet med å sikra likeverdige og heilskaplege tenester.

Styrke legetenesten

Fastlegeordninga

Vi *forventar* at kommunane jobbar strategisk og målretta for å sikre tilgjengelege allmennlegetenester til befolkninga gjennom fastlegeordninga, også for retten til å byte fastlege. Kommunane *bør* gjere seg kjend med Allmennlegar i spesialisering (ALIS)-ordninga og vurdere om den kan vere eit tiltak for å styrke rekrutteringa og halde leger i kommunen.

Krav/pålegg: Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen blir tilbodne nødvendige allmennlegetenester, og at ordninga blir organisert slik at dei som ønskjer det får tilbod om plass på lista til fastlegen, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-2, fastlegeforskrifta §§ 3 og 4.

Legevakt

Vi *forventar* at kommunane sikrar at kompetansekrav, opplæring, tilgjengelegheit, og krav til svartider etterlevast på den enkelte legevakt.

Krav/pålegg: Verksemda som yter akuttmedisinske tenester skal sikre nødvendig opplæring, vareta definerte kompetansekrav til lege i vakt, og sikre at helsepersonell som arbeider saman med lege i vakt skal ha gjennomført kurs i akuttmedisin og kurs i valds- og overgrepshandtering, jf. akuttmedisinforskrifta §§ 4, 7, 8 og 15.

Prevalensundersøkinga av helsetenesteassosierte infeksjonar og antibiotikabruk

Alle sjukeheimar er pålagt å delta i dei nasjonale prevalensundersøkingane av helsetenesteassosierte infeksjonar og antibiotikabruk. Ikkje alle sjukeheimar har delteke på dette. Statsforvaltaren *forventar* at kommunen legg til rette for at alle sjukeheimar leverer inn data for prevalensundersøkinga til Folkehelseinstituttet og at sjukeheimane brukar rapportane i sin kvalitetsforbetring.

Krav/pålegg: Forskrift om Norsk overvåkingssystem for antibiotikabruk og helsetjenesteassosierte infeksjoner §§2-1,2-4 Verksemda skal delta i overvåkingssystem for antibiotikabruk og helsetenesteassosierte infeksjonar i sjukeheim dersom ikkje dataansvarleg har friteke for deltaking.

Leiinga er ansvarleg for registrering av opplysningar som skal meldast til registeret blir følgde opp.

Signaldokument: Handlingsplan for allmennlegetenesta 2020-2024. Nasjonal rettleiar legevakt og legevaktsentral frå Helsedirektoratet. Folkehelseinstituttet sin smittevernrettleiar. Nasjonal fagleg retningslinje for antibiotikabruk i primærhelsetenesten.

Rus og psykisk helse

9. juni 2023 la regjeringa fram stortingsmelding 23 (2022-2023) [Opptappingsplan for psykisk helse \(2023-2033\)](#). Målet er at fleir skal oppleve god psykisk helse og livskvalitet, og at dei som har behov for psykisk helsehjelp skal få god og lett tilgjengeleg hjelp, særleg barn og unge. Planen har tre innsatsområde; helsefremjande og førebyggjande psykisk helsearbeid, gode tenester der folk bur, og tilbodet til personar med langvarige og samansette behov. Vi *forventar* at kommunen gjer seg kjend med innhaldet, og sluttar opp om innsatsområda i planen.

Regjeringa vil endre dagens ruspolitikk, og vil i løpet av 2023 framme ei stortingsmelding [førebyggings- og behandlingsreform for rusfeltet](#).

Pålegg om [rådgjevande ruseiningar](#) i alle kommunar tredde i kraft 01.07.2022. Vi *forventar* at kommunane arbeider aktivt for å nyttiggjere seg av ordninga.

Krav/pålegg: Lov om kommunale helse og omsorgstenester § 3 – 9b pålegg kommunen å ha ein rådgjevande ruseining.

Trygg og aktiv alderdom

Den nye eldrereforma [Felleskap og meistring - Bu trygt heime](#) som trer i kraft frå 01.01.2024 er ei vidareføring av *Leve heile livet*-reforma som blir avslutta hausten 2023. Det er fem departement som står bak den nasjonale satsinga som skal gjere det trygt for eldre å bli buande heime lengre. Reforma er sektorovergripande, og dette må òg kome til syna i kommunane sitt arbeid med dette.

Kommunane *bør* kommunisere til sine innbyggjarar at vaksne må planleggje rammene rundt eigen alderdom. Samstundes skal eldre og pårørande vere tryggje på at dei får hjelp og støtte når behovet for tenester oppstår.

Signaldokument: Stortingsmelding nr 15 (2017-2018) *Leve heile livet*, Helse- og omsorgsdepartementet.

Plikt til samarbeid og samordning

Helsefelleskap

Eit av måla i Nasjonal helse og sykehusplan 2020 -2023 er at brukarar og pasientar opplever heilskaplege og trygge tenester. Etableringa av helsefelleskap skal bidra til dette gjennom å styrke og strukturere samhandlinga mellom helseforetaka og kommunane. Helsedirektoratet sin rettleiar frå 2011 skal bli erstatta med ein ny i 2023; [Samarbeidsavtaler mellom kommuner og helseforetak](#). Vi ber kommunane merke seg at rettleiaren inneheld omtale av dei to nye punkta i helse- og omsorgstenestelova § 6-2 første ledd (pkt. 12 og 13) med føringar for kva samarbeidsavtalane skal omfatte fra og med 1. juli 2023.

Vi *forventar* at kommunane tar aktivt del i arbeidet med avtalene, og held fram med arbeidet med å utvikle tenestene til dei fire prioriterte pasientgruppene i helsefelleskapa:

- Barn og unge
- Personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem
- Skrøpelege eldre
- Personar med fleire kroniske lidningar

Krav/ pålegg: Kommunar og helseføretak må avtale konkret korleis dei saman skal planlegge og utvikle tenester. Helse- og omsorgstenestelova § 6-2, nytt punkt 12. Lovkravet trådte i kraft 01.08.22.

Signaldokument: Meld. St. 7 (2019-2020) Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023. Regjeringa jobber med ei ny [Nasjonal helse og samhandlingsplan](#).

Barnekoordinator

Koordinerende eining for rehabilitering og habilitering i kommunane har frå 1. august 2022 fått det overordna ansvaret for barnekoordinator. Vi *forventar* at kommunen

- oppnemner, lærer opp og rettleiar barnekoordinator
- koordinerer tenestene i heile oppvekstsektoren, slik at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt
- gir dei med behov for koordinerte tenester ein individuell plan

Retten til barnekoordinator gjeld for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og der barnet har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester.

Barnekoordinator skal koordinere det samla tenestetilbodet rundt familien og bidra aktivt for å vareta ansvaret kommunen har for oppfølging og tilrettelegging for familien.

Krav/pålegg: Dersom det er oppnemnt barnekoordinator etter helse- og omsorgstenestelova § 7-2a, skal barnekoordinatoren sørge for samordning av tenestetilbodet. Lovkravet trådte i kraft 01.08.22.

Signaldokument: [Nasjonal veileder Samarbeid om tenester til barn, unge og deira familiar](#)

Kompetanse og planlegging for fremtidens helse- og omsorgstenester

Vi oppmodar kommunane til å halde fram arbeidet med å få oversikt over framtidige behov for kompetanse og kapasitet. Helsedirektoratet peikar på at heiltidskultur er viktig, og at det *bør* lysast ut mest mogleg heiltidsstillingar både for å auke kvalitet i tenestene og for å rekruttere og halde på helsepersonell. Det *bør* i kommunane sine opptrappingsplanar for heiltid og tilstrekkeleg bemanning i helse og omsorgstenestene òg beskrivast korleis kompetansen skal nyttast.

Krav/pålegg: Det følger av helse- og omsorgstenestelova § 4-1 at tenestene skal vere forsvarlege, jf. § 4-2 om kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik og forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta.

Signaldokument: [Opptrappingsplan for heiltid og god bemanning i omsorgstjenesten - regjeringen.no](#).

Folkehelse

Det er viktig at kommunen har forankra folkehelsearbeidet i kommuneplanane sine, og at det blir lagt til rette for ein aktivtetsvennleg samfunnsutvikling. Psykisk helse må og inkluderes som en likeverdig del av folkehelsearbeidet.

Krav/pålegg: Kommunen skal ha rutinar som sikrar at folkehelseoversikta er tilgjengeleg, og blir nytta som grunnlag i all kommunal planlegging §§ 5-7 og kap. 3. Forskrift om oversyn over folkehelsa, § 4.

Krav/pålegg: Det miljøretta helsevernet skal vere ein del av det lokale folkehelsearbeidet. Barnehagar og skoler skal vere godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar m.v.

Signaldokument: [Folkehelsemeldinga Meld. St. 15 \(2022-2023\) — Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjeller. Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordningar.](#)

Kvalitet og pasienttryggleik

Lovendringane i pasient- og brukarrettslova og helse- og omsorgstenestelova, som tredde i kraft 1. juli 2022, har ført til endringar i måten vi fører tilsyn med kommunane på. Der vi vurderer det som formålstenleg overlèt vi no til verksemda sjølv å gå igjennom uønskte hendingar, identifisere årsaker til svikt og sette i verk aktuelle forbetringstiltak. På denne måten blir plikta kommunen har til å følge opp krava i forskrift om leing og kvalitetsforbetring, gjort tydeleg. Etter lovendringa har kommunen også fått ei lovfesta plikt til å svare på førespurnader frå

pasientar og brukarar som gjeld kvalitet og pasientsikkerheit. Vi ber kommunen sørge for at denne plikta blir følgd opp og at det blir lagt til rette for dialog med pasientar og brukarar kring hendingar i helse- og omsorgstenesta.

Vi oppmodar vidare kommunane til å jobbe systematisk med pasienttryggleik- og kvalitetsforbetringsarbeid.

Krav/pålegg: Leiarar i kommunane må ha kompetanse om pasienttryggleik og kvalitetsforbetring, og kommunen må bruke tilgjengelege data i Kommunalt pasient- og brukarregister (KPR) til planlegging og styring, og ta i bruk ny teknologi, ny kunnskap og nye faglege metodar, under dette velferdsteknologi.

Signaldokument:

- [Nasjonal handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbedring \(2019-2023\) i helse- og omsorgstjenesten.](#)
- [Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesten.](#)

Styrke rettane for menneske med nedsett funksjonsevne - CRPD

CRPD er ratifisert, og i Hurdalsplattforma er det vedteke at konvensjonen skal inkorporerast i norsk lov. Kommunane skal sette i verk CRPD i alle sektorar. Kultur- og likestillingsdepartementet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har derfor sett i gang eit prosjekt frå 2023-2025, kor statsforvaltarane skal gi opplæring i konvensjonsrettane og korleis gjennomføre dei i kommunane. Vi oppmodar kommunane til å delta på opplæringa. Sjå [film om](#) og [retteiar til CRPD](#).

Signaldokument: [FNs konvensjon om rettane til mennesker med nedsett funksjonsevne \(CRPD\)](#).

2.7.2 Sosiale tenester i NAV

Barne- og familieperspektivet i NAV

Vi *forventar* at kommunane er spesielt merksame på tilhøve som har noko å seie for oppvekstvilkåra for barn og unge ved handsaming av søknad om økonomisk stønad. Barn som veks opp i hushald med låginntekt har auka fare for å oppleve at dei ikkje har dei same gode som andre barn.

Barn og unge skal sikrast ein trygg oppvekst og kunne delta i alminnelege skule- og fritidsaktivitetar, uavhengig av om foreldra har ein vanskeleg økonomi.

NAV-kontoret har ansvar for å ta vare på behovet til barn og unge i kartlegginga av hjelpebehovet og i utmåling av økonomisk stønad til familien.

Familiar som får økonomisk stønad, vil ofte ha behov for tett oppfølging frå NAV-kontoret. Føremålet med oppfølginga er å løyse eksisterande sosiale problem og å førebygge at slike problem oppstår. Oppfølginga NAV-kontoret gir skal støtte opp under høvet familieane har til å bli sjølvhjelpete.

Det følger av Barnekonvensjonen artikkel 3 at omsynet til barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjerder som gjeld barn. Føremålet med sosialtenestelova er mellom anna at lova skal bidra til at utsette barn og unge og familieane deira får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod, jf. § 1.

Krav/pålegg: Kommunane må kartlegge barna sine behov når familien søkar om økonomisk stønad. Det følgjer av sosialtenestelova § 43, jf. forvaltningslova § 17, at saka skal vere så godt opplyst som mogleg før det treffest ei avgjerd.

Signaldokument: Rundskriv R35-00 til sosialtenestelova.

Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig verkemiddel i sosialtenestelova for å hjelpe

personar som treng individuelt tilpassa oppfølging til å komme i arbeid.

Det er utvikla eit verktøy for å styrke arbeidet i kommunen med å kartlegge og identifisere deltakarar til kvalifiseringsprogrammet. Vi *forventar* at kommunane brukar verktøyet til å identifisere aktuelle deltakarar, og at kommunen gjev tilbod om program til de som fyller vilkåra.

Krav/pålegg: Det følger av sosialtenestelova § 29 at brukarar som fyller vilkåra har rett til program.

Signaldokument: Rundskriv R35-00 til sosialtenestelova.

Økonomisk rådgjeving

Barn, unge og familiar i vanskelege livssituasjonar er særleg utsett for den tilleggsbelastninga dei auka prisane i samfunnet medfører. Personar som har utfordringar med privatøkonomien sin vil ofte også få problem med særleg helse, bustad og forsørgjaransvar. Det er derfor viktig at kommunane har ei synleg og tilgjengeleg teneste på økonomisk rådgiving for alle som har behov for det. Det betyr å gi råd og rettleiing om alt frå dagleg økonomi til større gjeldsproblem. Vi *forventar* at leiinga sørger for at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse for å kunne vareta denne viktige oppgåva, under dette også vere i stand til tidleg nok kunne avdekke og førebygge økonomiske og sosiale problem.

Krav/pålegg: Det følger av sosialtenestelova § 17 at kommunen skal gi opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løyse eller førebygge sosiale problem.

Signaldokument: Rundskriv R35-00 til sosialtenestelova. Veileder til sosialtenestelova § 17; Hvordan fatte vedtak på tjenesten opplysning, råd og veiledning?

2.7.3 Bustadsosialt arbeid

Gjennom ny lov om ansvaret til kommunane på det bustadsosiale feltet, som tredde i kraft 1. juli 2023, har kommunane fått ei

plikt til å gi individuelt tilpassa bistand til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Formålet med den nye lova er å førebygge bustadsosiale utfordringar og at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få bistand til å skaffe seg og behalde ein eigna bustad.

Vi *forventar* at kommunen har eit tilbod som gjer kommunen i stand til å gi individuelt tilpassa bistand til dei vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Krav/pålegg: Kommunen skal, etter lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet § 6, gje individuelt tilpassa bistand til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Ei avgjerd om å gi eller avslå bistand, skal fattast i form av eit skriftleg enkeltvedtak, jf. § 7.

2.7.4 Husbanken

I den nasjonale strategien Alle trenger et trygt hjem (2021–2024), er det løfta fram tre prioriteringar som Husbanken skal støtte opp om i strategiperioden:

- **Ingen skal vere bustadslause**

Husbanken skal følge opp og samarbeide tett med kommunar med mange bustadslause.

- **Barn og unge skal ha gode butilhøve**

Husbanken skal gjennom verkemidla sine og fagleg støtte til kommunane, bidra til at fleire barn og unge bur godt.

- **Personar med funksjonsnedsetjingar skal på lik line med andre kunne velje kvar og korleis dei bur**

Husbanken skal gjennom verkemidla sine og fagleg støtte til kommunane, bidra til at fleire utviklingshemma kan eiga eigen bustad.

Bruk av startlån

Startlån er Husbankens viktigaste bustadsosiale verkemiddel. Husbanken *forventar* at alle kommunar tar opp startlån, som dei kan låne ut til innbyggjarar som treng ein god og trygg heim i eit godt bumiljø over tid.

Det er viktig at kommunane vurderer og bruker heile handlingsrommet innanfor

startlånsordninga. Det er *forventa* at kommunane har eit tverrfagleg samarbeid slik at dei som jobbar med vanskelegstilte kjenner til ordninga med startlån. Dette gjeld til dømes dei som jobbar innanfor barnevern, rus og psykisk helse, personar med nedsett funksjonsevne og eldre.

Signaldokument: Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken Alle trenger et trygt hjem (2021–24).

2.8 Integrering

Arbeidet med integrering av flyktningar frå Ukraina rører ved ei rekkje av FNs berekraftsmål. I denne samanhengen er det mest relevant å peike på mål nr. 13 om berekraftige byar og lokalsamfunn; alle må få tilgang til tilstrekkelege, trygge og overkommelege stader å bu, og flyktningar må inkluderast i samfunna. I tillegg bidreg god integrering til å styrke berekraftsmål nr. 16 som skal fremje fredelege og inkluderande samfunn, sørge for tilgang til rettsvern for alle, og bygge velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

Krav/pålegg: Kapittel 6A Midlertidige reglar for fordrevne frå Ukraina. Dei mellombelse føresegnene i kapittel 6A tredde i kraft 15. juni 2022. Ordninga med mellombels kollektivt vern for personar fordrevne frå Ukraina etter utlendingslova § 34 vart

vedtekne 11. mars 2022 og gjeld personar som forlét landet etter krigsutbrotet 24. februar 2022. Kommunen skal ta i bruk mellombelse føresegnene i kapittel 6A.

Fylkeskommunen har ansvar for å tilrå kor mange flyktningar som bør busettast i kommunane i fylket. Fylka må lage planar for kvalifisering av innvandrarar og sørge for et tilbud om karriererettleiing.

Signaldokument:

- Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova)
- Forskrift til integreringslova (integreringsforskrifta)
- Prop. 107 L (2021–2022): Midlertidige endringer i lovverket som følge av ankomst av fordrevne fra Ukraina.

2.9 Utsette barn og familiar

Arbeidet med å styrke utsette barn og unge og familiarne deira bidreg til å styrke ei rekke av FN sine berekraftsmål. Både mål nr. 10 om å fremje mindre forskjellar, nr. 4 om god utdanning til alle og nr. 1 om å redusere talet på familiar som lever i fattigdom er relevante tema.

Krav/pålegg: Lovendringane i velferdstenestelovgivinga (samarbeid, samordning og barnekoordinator) vart vedtatt i juni 2021. Føremålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiarne deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

Krav/pålegg: Kommunane skal sørge for harmonisering og styrking av reglane om samarbeid og individuell plan, innføring av ein samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstenester, innføring av ein rett til barnekoordinator, og dessutan utviding av ordninga til helse- og omsorgstenesta med lovpålagte samarbeidsavtalar.

Krav/pålegg: Kommunane skal sørge for å ha eit godt samarbeid om tenester som er retta mot utsette barn og familiar, arbeidet må vere samordna og godt koordinert.

Leiinga i kommunen *bør* sikre at tilsette som arbeider med barn og unge har generell kunnskap om vern- og risikofaktorar og teikn og signal, slik at dei tidleg kan identifisere dei som lever i ein risikosituasjon. Leiinga i kommunen *bør* sørge for at relevante verksemder der

tilsette møte barn og unge i det daglege arbeidet sitt har rutinar for korleis dei tilsette kan handle på bakgrunn av ei bekymring for barn og unge. Leiinga i kommunen *bør* sikre at dei verksemdene som arbeider med barn, unge og foreldra deira i det daglege arbeidet sitt, har avtalar om samarbeid på systemnivå som sikrar oppfølging av involverte barn og unge.

Krav/pålegg: Kommunane må ha nok og relevant kunnskap om god praksis, relevante verktoy og tiltak når det gjeld tverrsektorielt arbeid mot fattigdom i barnefamiliar.

Signaldokument:

- Prop. 100 L (2020–2021) Endringar i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator)
- Nasjonal fagleg retningsline - Tidleg oppdaging av utsette barn og unge

2.10 Miljø

Miljø er den eine av dei tre overskyggjande berekraftsdimensjonane, saman med økonomi og sosiale forhold. Arbeidet med natur og miljø er vesentleg for framtida til menneska. Særleg berekraftsmål nr. 15 er viktig: Verne, rette opp igjen og framme berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, nedkjempe ørkenspreiing, stanse og reversere landsdegradering og dessutan stanse tap av artsmangfald. I tillegg blir mål omfatta nr. 14 om livet i havet, mål nr. 6 om reint vatn og gode sanitærforhold og mål nr. 13 om å stoppa klimaendringane.

2.10.1 Natur

Tap av artar går i stadig eit raskare tempo. Vi *forventar* at kommunane arbeider for å motverke denne utviklinga, slik at vi òg i framtida har velfungerande økosystem som leverer tenester for komande generasjonar.

For 2023 har Statsforvaltarane tydelegare føringar på at me skal bidra til at kommunane omdisponerer mindre natur. I tida framover vil Statsforvaltaren ha særskild merksemd på dette temaet i arealplansaker me uttaler oss til. Vi *forventar* at kommunane gjennom arealforvaltinga aktivt førebygger tap av biologisk mangfald og nedbygging av artars leveområde. Sjå kap. 2.12.5.

Signaldokument: Naturmangfaldlova §§ 8-12, Vassressurslova § 11, Veileder for kantsone langs vassdrag (NVE veileder nr 2-2019), Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1, Handlingsplan mot skadelige fremmede arter i Vestfold og Telemark (sept. 2020), Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold.

2.10.2 Forureining

Kommunen har fleire myndigheitsområde og pliktar etter forureiningsregelverket,

mellom anna innan avløp, avfall, forureina luft og grunn. Miljødirektoratet har ansvar for å gje kommunane ein heilskapleg, nettbasert rettleiingsteneste på miljøområdet. Vegvisaren i kommunal planlegging og miljøforvaltning finst på nettstaden www.miljodirektoratet.no.

Vi *forventar* at ansvaret for miljø og forureining er avklarte og tydeleg plassert i kommunen.

Signaldokument: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid i verksemdar.

Avløp

Klimaendringar, arealendringar og befolkningsvekst aukar belastninga på avløpsinfrastrukturen. Vi *forventar* at kommunane planlegg og legg til rette for tiltak på avløpsnettet som avgrensar forureiningar på avvege og reduserer mengd av framadvatn til reinseanlegga. "Heilskapleg tiltaksplan for Oslofjorden" syner at fleire område av Oslofjorden har for stor tilførsel av nitrogen. Reinsing av nitrogen ved avløpsreinseanlegga er eit av tiltaka som skal gjennomførast for å betre situasjonen i Oslofjorden. Kommunar med direkte utslepp til ytre Oslofjord må derfor vente å måtte innfri nye krav om reinsing innan 2027/2030. Vi oppmodar kommunane til å ta kontakt med oss for meir informasjon og rettleiing på dette viktige temaet.

Statsforvaltaren ser positivt på samarbeid mellom kommunane for å oppnå betre og raskare reinsetiltak for utslepp av kommunalt avløpsvatn til Oslofjorden. Samarbeid mellom kommunar om å etablere nitrogenfjerning *bør* avklarast så raskt som mogeleg. Statsforvaltaren vil halde fram arbeidet med fornying av løyva for aktuelle reinseanlegg og *forventar* samarbeid med kommunane om dette viktige temaet.

Krav/pålegg: Alle avløpsanlegg i kvar enkelt kommune skal oppfylle reinsekrav i forureiningsforskrifta slik at miljømåla etter vassforskrifta kan nåast innan 2027, og

seinast innan 2033. Det går fram av dei nasjonale føringane for arbeidet med oppdatering av dei regionale vassforvaltingsplanane, frå Klima- og miljødepartementet av 19. mars 2019.

Signaldokument: Forureiningsforskrifta kap. 12, 13 og 14, Forureiningsforskrifta kap. 15A, Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden, Regional vassforvaltingsplan

Båtseptik

Vi oppmodar alle kommunar til å sørge for nødvendig anlegg for tømning av båtseptik. Heilskapleg tiltaksplan for ein rein og rik Oslofjord med eit aktivt friluftsliv gir dei viktigaste prioriteringane til regjeringa for å redde Oslofjorden, der anlegg for tømning av båtseptik er eit av fleire viktige tiltak. Kommunen har ei plikt til å sørge for nødvendig anlegg for tømning av avløpsvatn frå mellom anna fritidsbåtar.

Signaldokument: Forureiningsloven § 26 andre ledd og Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden.

Avfall

Frå og med 2023 må kommunane legge til rette for kjeldesortering av matavfall, park- og hageavfall, og plastavfall. Målet er å auke materialgjenvinning av visse typar avfall. Innan 2035 skal 70 % av matavfall og 70 % av plastavfall blir utsorterte ved kjeldesortering. Auka materialgjenvinning av avfallet bidreg til å oppnå betre ressursutnytting, betre vern av miljøet og redusera klimagassutsleppa. Det vil også bidra til å nå EUs gjenvinningsmål som også gjeld i Noreg.

Signaldokument: Avfallsforskrifta kap. 10a

Snøhandtering

Vi *forventar* at kommunen som vegeigar har ein plan for handtering av overskotssnø. Snødeponi er søknadsppliktig etter plan- og bygningslova og det kan og vere behov for løyve etter forureiningslova på grunn av fare for forureining.

Signaldokument: Forureiningslova §§7, 28, Vassforskrifta §4-6, Plan- og bygningslova § 20-1 første ledd, bokstav a og j.

2.10.3 Vassforvaltning

Regional vassforvaltingsplan for Vestfold og Telemark vassregion for perioden 2022-2027 ble godkjent av klima- og miljødepartementet 31.10.22.

2.11 Landbruk

Eit bærekraftig landbruk er vesentleg for fleire av berekraftsmåla. Mellom anna vil matproduksjon bidra til å utrydde svolt (mål nr. 2), skogsdrift kan auke lagring av karbon og dermed bidra til å stoppe klimaendringane (mål nr. 13) og godt tilpassa landbruksdrift kan bidra til å betre livet på land og livet i havet (mål nr. 14 og 15).

2.11.1 Berekraftig eigeomsforvaltning

Kommunen har ei sentral rolle i arbeidet for ein heilskapleg bu- og bygdepolitikk. Vi *forventar* at kommunen vurderer pris i konsesjonssaker i tråd med departementet sitt rundskriv.

Signaldokument: Lov om jord og konsesjonslova, Landbruks- og matdepartementets rundskriv M-1/2021, M-2/2021, M-3/2002 og M-35/1995.

2.11.2 Tilskotsforvaltning og kontroll

Kommunen forvaltar ei rekke økonomiske verkemidlar på vegne av staten. Sakshandsaminga i kommunane skal sikre likehandsaming og rettstryggleik i tilskotstildelinga, og at tildelinga skjer i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Det er kommunane sitt ansvar å utføre

Vi *forventar* at kommunane aktivt tar i bruk sine verkemidlar til å følge opp planen og bidra til forbetra vasskvalitet. Dette gjeld særleg innan vass- og avløp, landbruk og arealplanlegging.

Signaldokument: Vassforskrifta, Regional plan for vassforvaltning 2022-27, Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden.

forvaltingsoppgåver på ein forsvarleg måte, og etablere system og rutinar med innebygd internkontroll.

Krav/pålegg: Det er eit krav at forvaltninga av tilskot gjerast på ei forsvarleg måte og at det blir etablert internkontroll.

I våre forvaltingskontrollar med kommunane vil internkontrollsystem ha stor merksemd.

Signaldokument: Økonomireglementet §§ 14 og 15.

2.11.3 Næringsutvikling

Kommunen blir oppmoda til og mobilisere til næringsutvikling i landbruket. Regionalt næringsprogram for landbruket i Vestfold og Telemark 2019-2022 (RNP 2019-2022) vart vidareført i påvente av nye fylker. I det regionale næringsprogrammet ligg dei lokale og regionale føringane. I tillegg har vi stortingsmeldingane og dei nasjonale strategiane.

Statsforvaltaren ønsker å støtte kommunane sitt arbeid med næringsutvikling.

Kommunane har brei lokalkunnskap samstundes som dei og har ansvar for tilskotsordningane.

Signaldokument:

- Meld. St. 11 (2016-2017) Endring og utvikling. En fremtidsrettet jordbruksproduksjon

- Meld. St. 6 (2016-2017) Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring
- Meld. St. 31 (2014-2015) Garden som ressurs – marknaden som mål
- Garden som ressurs, veileder
- Regjeringens bioøkonomistrategi - Kjente ressurser uante muligheter
- Opplevingar for ein kvar smak – strategi for reiseliv basert på landbruket og reindrifta sine ressursar
- Nasjonal strategi for økologisk jordbruk 2018-2030
- Økologiprogram 2019-2030
- Dyrk byer og tettsteder: Nasjonal strategi for urbant landbruk
- Strategi: Matnasjonen Norge
- Nasjonal Reiselivsstrategi 2030
- Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi
- Mål med mening; Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030
- Grøntsektoren mot 2035, Rapport fra rådgivende utvalg for innovasjon, vekst og økt norskandel i grøntsektoren
- Nasjonalt program for jordhelse, rapport nr. 13/2020

2.11.4 Skogskadar

Vêr- og klimarelaterte hendingar har styrt mykje av hogstaktiviteten i vårt fylke dei siste åra. I store delar av fylket har granskogen vore stressa av tørke og utsett for granborkbilleangrep sidan sommaren 2018. Nordlege delar av fylket vart råka av storm i november 2021, og det ligg framleis mykje vindfelt gran i terrenget. Slik skadd skog er ynglestad for granborkbillene. Det er difor viktig at kommunane framleis følger med på skadesituasjonen og bidreg til å skaffe oversikt over skadane. Samarbeidet mellom kommunane, skogeigarane, tømmerkjøparane, NIBIO og Statsforvaltaren er avgjerande for at ein klarar å prioritere

hogst og anna skadeførebyggjande aktivitet til dei områda der den vil ha størst effekt. Det er viktig for å redde verdier, sørge for sikker virkesforsyning til industrien og førebyggje at skadeomfanget aukar.

Vi *forventar* at kommunane overvaker skogskadar.

Signaldokument: Forskrift om berekraftig skogbruk, faglig beredskapsplan for stor granbarkbille.

2.11.5 Skogkultur

Føremålet med skogbrukslova er "å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen". Kommunane i Vestfold og Telemark gjer eit godt arbeid med å følge opp foryngingsplikta i skogbrukslova, men kommunane sine kartleggingar syner at om lag 20 % av hogstflatene ikkje er tilfredsstillande forynga. Det er dessutan semje i skogbruket om at det vert gjennomført langt mindre ungskogpleie enn det som er reelt behov. Det er viktig at skogareal som er tatt i bruk til aktiv skogproduksjon gjennom hogst vert følgd opp med skogkulturtiltak, slik at tilveksten av råstoff til CO₂-binding og tømmerindustrien vert oppretthaldd. Statsforvaltaren starta i 2023 eit prosjekt om aktivitetsmål for auka skogkulturaktivitet.

Krav/pålegg: Det er eit krav at kommunen fører tilsyn med at føresegnene i skogbrukslova blir haldne. Oppfølging av foryngingsplikta er ein vesentleg del av dette.

Vi *forventar* at kommunane aktivt følger opp prosjektet om aktivitetsmål og bidreg til auka skogkulturaktivitet i kommunen.

Signaldokument: Skogbrukslova, forskrift om berekraftig skogbruk

2.12 Arealdisponering

Arealdisponeringa til kommunane bidreg sterkt til ei berekraftig utvikling av samfunnet. Arealplanlegging verkar inn på ei rekke av berekraftsmåla, særleg nr. 13 om å stoppe klimaendringane, nr. 14 og 15 om livet i havet og på land og nr. 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn. Til dømes er varetaking av natur den mest effektive måten å handtere klimaendringane, samtidig som det styrker naturmangfaldet og lagrar karbon. Natur er tilgjengeleg for leiken til barn og unge, natur har positiv effekt på den generelle folkehelsa, og natur i form av landbruk gir oss mat.

2.12.1 Jordvern i arealplanlegginga

Stortinget har slått fast at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må være under 3000 dekar og målet skal nås gradvis innan 2025. Vestfold og Telemark har 7,3 % av landets dyrka mark. Dersom Vestfold og Telemark skal ta sin del av målet på 3000 dekar, vil det seie at den årlege omdisponeringa må være på 220 dekar eller mindre. Fordi størstedelen av den dyrka jorda i fylket ligg i beste klimasone, må vi vere særst varsame med å omdisponere. Dei førebelse KOSTRA- tala for 2022 syner at det vart omdisponert 890 dekar dyrka og dyrkbar jord. Eit høgt tall samanlikna med tidlegare. Av dette var 166 dekar dyrka jord.


Gjenbruk av allereie nedbygd areal og effektiv bruk av areala er viktig for å redusere omdisponering av ubebygd areal. Jordvernet er løfta fram som ein nasjonal interesse i planlegginga. Regjeringa har vedtatt at det skal vere eit overordna omsyn i arealforvaltninga å unngå omdisponering av dyrka og dyrkbar mark. Grunngevinga er målet om å auke sjølvberginga og auka matberedskap. I brevet frå statsrådene for LMD og KDD av 23.03.22 er budskapet at matjorda må takast vare på.

Krav/pålegg: Kommunane har eit ansvar for å følge opp målet om vern av dyrka og dyrkbar jord.

Ein viktig del av arbeidet med jordvern, er å følge opp driveplikta på jordbruksareala. Satsinga "Areal som kan vere ute av drift", kan vere til god hjelp i dette arbeidet. Målet er at kommunane brukar verktøyet i si oppfølging av driveplikta i det daglege, også etter prosjektperioden.

Signaldokument:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- Jordbruksmeldingen Meld. St. 11 (2016-2017)
- Nasjonal jordvernstrategi, Prop. 121 S (2022-2023), (LMD) vedlegg 1.
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (SPR-BATP) (2014)
- Brev frå landbruks- og matministeren til fylkesmennene 1. oktober 2018 – *Nasjonal og vesentlig nasjonal regional interesse innenfor jordvern*
- Brev frå landbruks- og matministeren og kommunal og distriktsministeren til kommunane og fylkeskommunane av 23. mars 2022 – *Ta vare på matjorda*
- Prosjektside med informasjon og prosjektskildring: <https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/landbruk-og-mat/jordvern/areal-ute-av-drift/>
- Temaside om driveplikt: <https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/landbruk-og-mat/jordvern/matjord-jordvern-og-driveplikt/>



Figur: Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i Vestfold og Telemark. Kjelde: SSB KOSTRA (frå 2005) og Fylkesmannen si landbruksavdeling (1991-2004).

2.12.2 Strandsone i arealplanlegginga

Føringane for strandsona er framleis strenge. Oslofjordplanen understrekar viktigheita av at allmenta skal sikrast tilgang til sjøområda. Den tilgangen blir sikra best gjennom arealplanlegging. Smett, snarvegar, tilkøyringsvegar, kyststiar, parkeringsplassar, serviceanlegg og tilsvarande tiltak bør klargjerast i kommuneplanens arealdel. Dispensasjonar skal unngåast.

Krav/pålegg: Kommunane skal handheve byggeforbodet i 100-meterbeltet strengt. Byggeforbodet gjeld også i byggeområde, dersom det ikkje er fastset anna byggegrense i plan.

Signaldokument: Plan- og bygningslova § 1-8, Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021). Heilskapleg tiltaksplan for Oslofjorden (2021).

2.12.3 Klima i arealplanlegginga

Endring i arealbruk er ein betydeleg kjelde til utslepp av klimagassar og den største årsaka

til tap av naturmangfald. Det viktigaste tiltaket for å redusere utslepp frå arealbruksendringar er å unngå nedbygging av karbonrike areal som skog, myr, dyrka mark og beite. Vi *forventar* at kommunane tek i bruk verktøy frå Miljødirektoratet for å berekna klimaeffekten av omdisponering av areal: [Beregne effekt av ulike klimatiltak - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no/tema/beregne-effekt-av-uli-klimateiltak)

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som stør opp under etablert sentrums- og tettstadsstruktur, er viktig for å redusere transportbehovet, og for å legge til rette for auka gonge, sykling og kollektivbruk.

Ved revisjon av kommuneplanen er det viktig å ta ein gjennomgang av tidlegare planlagde område som enno ikkje er tatt i bruk, og sjå om desse er i tråd med dagens målsettingar. Det *bør* bli gjort en konkret vurdering av om område avsett til utbyggingsformål kan tilbakeføres i tråd med dagens målsettingar. I tida framover vil Statsforvaltaren ha særskild merksemd på dette temaet i arealplansaker me uttaler oss til.

Krav/pålegg: Kommunane må styre mot at vi skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050.

Klimaet er i endring. Vi må ta høgde for meir nedbør, kraftigare nedbør, hyppigare flaumar og skred, og meir vind. Våtmarker, kantsoner langs vassdrag, myrar og skog er verdifulle økosystem som kan bidra til å dempa flaum og negative effektar av klimaendringane. Ved utarbeiding av arealplanar er det viktig at bevaring og restaurering av natur, og eventuelt etablering av nye naturbaserte løysingar, blir vurdert som klimatilpassingstiltak.

Krav/pålegg: Kommuneplanens arealdel må nyttast aktivt for å oppnå ei samla arealdisponering som sikrar omsynet til eit klima i endring. Det må mellom anna vurderast om byggeområde kan bli meir utsett for flaum eller skred. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar, og forsvarleg overvasshandtering.

Signaldokument: Plan- og bygningslova § 4-3, Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014), Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2023), særleg punkt 45, 47, 48, 53 og 67.

2.12.4 Naturmangfald i arealplanlegginga

Ny naturavtale er nyleg vedteken i Montreal, og Noreg har slutta seg til denne. For 2023 har Statsforvalterne endå tydelegare føringar på å bidra til at kommunane sett av mindre naturareal til utbyggingsføre mål enn tidlegare i den overordna planlegginga si. Naturområde er nødvendig for å avgrensa tap av artar, og varetaking av økosystema til naturen er blant dei beste måtane å motverka dei ekstreme klimaendringane på og samtidig lagra karbon. Kommunane blir oppmoda til å setja seg mål for å redusera nedbygging av natur. I tida framover vil

Statsforvaltaren ha særskild merksemd på dette temaet i arealplansaker me uttaler oss til.

Statsforvaltaren forventar at kommunane nyttar tilgjengelege berekningsverktøy frå Miljødirektoratet for å vurdere klimaeffekten av omdisponering av natur i arealplanlegginga. Vi forventar at kommunane tek ansvar for at det blir gjennomført naturmangfaldkartlegging i planlegginga, og at naturtypar og artar av nasjonal interesse blir vareteken.

Signaldokument: Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, særleg punkt 45, 47, 48, 53. Innslagspunkt for motsegn går fram av rundskriv T-2/16 rev. febr. 2021; Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjering av innvendingspraksisen til miljøforvaltninga.

2.12.5 Villrein i arealplanlegging

Villreinen er ein nasjonal ansvarsart for Noreg, og vi har gjennom Bern-konvensjonen plikt til å verne om villreinen. Vestfold og Telemark fylke har fleire villreinområde; Våmur-Roan, Setesdal-Austhei og Ryfylkeheiane, Hardangervidda, Brattefjell-Vindeggen, og Blefjell. For nokre av områda er det utarbeidd regional plan for arealbruken knytt til villreinområda. Viktige funksjonsområde for villrein er ein nasjonal interesse, som må takast omsyn til i arealplanlegginga. Det er avgjerande for villreinen at vi opprettheld store nok leveområde med tilstrekkeleg kvalitet.

Villreinen kom 2021 inn på den norske raudlista, som nær truga. Kvalitetsnormen har vist at det står dårleg til med den norske villreinstammen. Den norske villreinstammen er under sterkt press både frå sjukdom, klimaendringar og særleg frå utbygging og ferdsel. Ein av dei største utfordringane er bit-for-bit nedbygging, som fører til at dei samla belastninga blir stor over tid.

Vi *forventar* at kommunane tar særleg omsyn til villreinen og villreinens leveområde i alle arealplanar som rører ved villreininteressene. Viktige funksjonsområde for villrein må sikrast mot negativ påverknad frå nedbygging og ferdsel. Dette inneber at òg utbygging i randsona til villreinområda må avgrensast, fordi det fører til ferdsel inn i villreinområda. Det blir no utarbeidd tiltaksplanar etter kvalitetsnormen, og i 2024 ventar vi ei Stortingsmelding om villreinen. Vi *forventar* at resultatata frå dette blir følgd opp av kommunane.

Kommunane må vera førebudde på at Statsforvaltaren vil leggja til grunn ny kunnskap om tilstanden til villreinen når vi behandlar saker som berører villreinområde i tida framover. Omsynet til bevaring og styrking av villreinstammane vil bli tillagd stor vekt.

Signaldokument: Naturmangfaldlova § 5 og §§ 8-12, Kvalitetsnorm for villrein (Rangifer tarandus) blei fastsett ved kgl.res. 23. juni 2020 med heimel i naturmangfaldlova § 13 og Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, s. 28 og punkt 58 (s. 29).

2.12.6 Forureining i arealplanlegging

Krav/pålegg: Ulike former for forureining må handsamast gjennom arealplanlegging og førebyggjande tiltak. Dette gjeld mellom anna støy, luftforureining, forureina grunn og avløp.

Vi erfarer ofte at støy i anleggsfasen ikkje er godt nok handsama i reguleringsplan og at det oppstår konflikter med naboar og andre ramma når arbeidet er i gang. Det gjeld både arbeid innanfor planområdet og til dømes transport av massar bort frå planområdet. Vi *forventar* at det ligg føre ei støyfagleg utgreiing ved offentleg ettersyn av planforslag i støyutsette område, og som blir følgd opp i plankart og føresegner.

Tilsvarande erfarer vi at handtering av overskotsmassar ikkje er tilstrekkeleg

handsama på reguleringsplannivå. Vi *forventar* at planar for større byggje- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvendig areal til handteringa skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning må vurderast så ein oppnår massebalanse.

Vi minner om at deponering av massar, både midlertidig og varig, i mange tilfelle òg krev løyve etter forureiningslova. Søknad om løyve kan ha lang sakshandsamingsstid hos Statsforvaltaren og må derfor planleggjast god tid i forkant av oppstart.

Vi gjer merksam på at grenseverdiane for luftkvalitet blei endra frå 01.01.2022, og vi *forventar* at desse blir tatt omsyn til i planlegginga.

Signaldokument: Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021, Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520/2012, Forureiningslova §§7, 28, Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) kapittel 2, 11, 13 og 14, Forskrift om ramme for vannforvaltningen (vassforskrifta), Miljødirektoratet sin rettleiar M-1780/2020, Plan – og bygningslova § 20-1 første ledd, bokstav a og j. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, særleg punkt 44.

2.12.7 Kunnskapsgrunnlag i arealplanlegging

Det offentlege kartgrunnlaget (DOK), som inneheld både matrikkelen og basiskarta i sammen med plankartet, skal nyttas som grunnlag for avgjerder. Dette er særleg viktig i all arealdisponering.

For å nå måla om heildigital saksbehandling med straumlinjeforma prosessar, må grunnlaget vere oppdatert og ha riktig kvalitet. Kommunen må sørge for å følge opp arbeidet med matrikkelen for å nå måla i kvalitetsstrategien.

Se elles informasjon på Kartverkets nettside om datakvalitet i matrikkelen:
<https://www.kartverket.no/eiendom/lokal-matrikkelmyndighet/datakvalitet>

2.13 Samferdsel

Eit godt tilrettelagt samferdselssystem kan bidra til utviklinga av berekraftige byar og lokalsamfunn, bærkraftsmål nr. 11. Samferdsel kan óg planleggjast på ein måte som reduserer klimagassutslepp, til dømes tilrettelegging for gang- og sykkelveggar (berekraftsmål nr. 13).

Det er Statens vegvesen som har sektoransvar for å følje opp nasjonale oppgåver for heile vegtransportsystemet. Det inneber mellom anna at Statens vegvesen skal få alle arealplanar til uttale.

Vidare skal óg saker om dispensasjonar frå arealformål, avkøyrslar eller byggegrensar gitt med heimel i plan- og bygningslova sendast vegmyndigheita til uttale før kommunen fattar vedtak.

2.14 Gravplass

Forvaltning av gravplassar kan bidra til å styrke FN's berekraftsmål. Gravplassar er stad for gjennomføring av gravferd, sorgomarbeiding og som minnestad. Ved å legge gravplassane til område der folk bur og kvar ein kan reise kollektivt, sykle eller gå, kan gravplassforvaltning bidra til berekraftige byar og tettstader og samtidig redusera klimagassutslepp frå transport. Gravplassar kan óg leggjast til rette for auka biologisk mangfald og dermed styrke berekraftsmål nr. 15 om livet på land.

Gravplassmyndigheita i kommunen er normalt kyrkjeleg fellesråd eller sokneråd i

Signaldokument: Plan og bygningslova § 2-1.

For saker om avkøyrslar eller byggegrensar langs riksveg, utanom regulera område, har kommunen ei samordningsplikt. Desse sakane skal handsamast i tråd med §§ 30 og 40 i veglova. Vegvesenet viser til vegleieing som syner kva som blir lagt vekt på ved uttaler til arealplanar: «V744 Nasjonale interesser Statens vegvesen skal ivareta i arealplanleggingen og bruk av innsigelse». Handboka finn ein på www.vegvesen.no.

Krav/pålegg: Kommunane er forplikta til å sende alle arealplanar til Statens vegvesen til uttale. Kommunane har og plikt til å involvere Vegvesenet i saker om avkøyrslar eller byggegrensar enten desse er med heimel i veglova eller arealplan etter plan- og bygningslova. § 21-5 i plan- og bygningslova er tydeleg på at kommunen skal legge saka fram for aktuelle myndigheiter

kommunar med eit sokn. Etter søknad frå kommunen kan Statsforvaltaren fastsetje at ansvaret som lokal gravplassmyndigheit etter lova skal ligge til kommunen. Per i dag er det berre nokon få kommunar som har tatt over ansvaret som gravplassmyndigheit.

Krav/pålegg: I alle kommunane skal det vere ein eller fleire gravplassar av slik storleik at det til ein kvar tid er ledige graver for minst 3 prosent av befolkninga i kommunen.

Krav/pålegg: Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkeleg areal til gravplass og skal

sjølv, i samråd med gravplassmynden, regulere slikt areal etter kapittel 12 i lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesakshandsaming (plan- og bygningslova).

Kommunen har det økonomiske ansvaret for dei offentlege gravplassane i kommunen. Etter avtale med soknet kan kommunen yte tenester i staden for å gi tilskot. Kommunen skal òg fastsetje avgifter for gravplass, kremasjon og gravferd, etter forslag frå gravplassmynden.

Kommunen treffer nødvendig avgjerd der det er usemje om kven som skal sørge for ei gravferd. Den som sørger for gravferda skal bli gitt høve til å vere ansvarleg for grava, med mindre nokon etterlatte skriftleg krev spørsmålet avgjort av kommunen.

Avgjerdsmakta i desse to tilfella ligg i utgangspunktet hos kommunestyret, men mynden kan og *bør* delegerast i delegeringsreglementet. Kommunen skal òg sørge for gravferda dersom det ikkje er nokon attlevande som gjer det. Det *bør* avklarast på førehand kven i kommunen som skal utføre desse oppgåvene.

I arbeidet til kommunane med beredskapsplanar *bør* det takast inn tilhøve knytt til handtering, transport, oppbevaring, kremering og gravlegging av eit større tal avdøde, til dømes som følge av ein pandemi.

Signaldokument: Gravplasslova, gravplassforskrifta, rundskriv H-2/14 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningslov.

3 Dialog og samarbeid

Ein grunnleggjande premiss for å sikre ei samfunnsutvikling i tråd med FNs berekraftsmål, er å samarbeide. Berekraftsmål nr. 17 slår fast at styresmakter, næringsliv og sivilsamfunn må jobbe saman for at måla skal kunne bli nådd.

Kommunedialogen er heilt sentral i virket til embetet. Møta mellom Statsforvaltaren og kommunane er viktige for å fremme statlege signal, men like mykje for å få kommunane sine tilbakemeldingar, som vi så kan ta vidare til departement og direktorat.

Kommunedialog

Kommunedialogen i 2024 skal skje på både digitale og fysiske arenaer. Vi vil mellom anna halde fram med videomøte med ordførarar, kommunedirektørar og aktuelle fagpersonar, i tillegg til to til tre fysiske temamøte i året med same målgruppe. Dei fysiske møta vil som eit utgangspunkt bli arrangert fylkesvis, dvs. delt for Vestfold og Telemark.

Utover dette vil vi framleis invitere til kommunesamtalar med leiinga i den enkelte kommunen ein gong kvar valperiode, og elles ved behov, og tilby folkevaltopplæring om ulike tema og oppfølging av regionråda i Telemark, både som politiske organ og som tenestefellesskap. I tillegg kjem utstrekt kontakt og dialog på fagnivået.

Opplæring for folkevalde og administrasjon

Hausten 2023 er det kommunestyre- og fylkestingsval. Vi viser til vårt brev til kommunane våren 2023, der vi tilbaud opplæring av folkevalde i etterkant av valet,

med utgangspunkt i sentrale tema der Statsforvaltaren har ei rolle.

Vi vil i tillegg halde fram med å gi kommunane tilbod om opplæring om andre emne, der dei spør om det. Det gjeld både for dei folkevalde og for administrasjonen.

Samordning av statlege tilsyn

Statsforvaltaren skal samordne statlege tilsyn med kommunar og fylkeskommunar etter §§ 30-6 og 30-7 i kommunelova. Samordninga skal bidra til at planlagde statlege tilsyn er målretta, føreseielege og at dei bidrar til forbetring og læring. Samordninga skal òg omfatte den eigne kommunale kontrollverksemda.

Samordningsoppdraget vert handtert ved at statsforvaltarane har utpeika tilsynssamordnarar med ansvar for den regional samordninga gjennom et eige Tilsynsforum og tett dialog med kommunane. Den nasjonale samordninga og utviklinga av oppgåva gjennom det nasjonale Nettverket for samordnarar er òg eit viktig grep..

Eit viktig verktøy i tilsynssamordninga, inkludert dialogen med kommunane, er bruken av den nasjonale Tilsynskalenderen, der ein finn ein samla oversikt over dei planlagde statlege tilsyn og kontrollar og den kommunale eigenkontrollen. Her finn de òg tilsynsrapportar, og på sikt revisjonsrapportar frå eigenkontrollen

Meir informasjon finn de på våre heimesider:

<https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/kommunal-styring/tilsyn/>